



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 16

Telefaks 53 43 70 11

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

UGGDAL, 24.06.2014

Saksnr.
14/334-6

Dok.nr.
4857/14

Arkivkode
100

Avd/Sek/Saksh
FSK/FEL/AUHO

Dykkar ref.

LOV OM GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I FORKANT AV KOMMUNEREFORMEN - HØYRING

Me viser til Dykkar e- post – ekspedisjon av 14.05.14 med høyringsnotat om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma.

«Tysnes kommunestyre finn, med tilvising til vedlagde høyringsutkast frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 14.05.14 og ovanståande premisser, å gje følgjande høyringsuttale i høve mellombels skjerpa statleg kontroll for kommunale låneopptak m.m. i forkant av den føreståande kommunereforma:

1. Kommunestyret kan sjå at det ved slike store reformer kan gjerast forsøk på tilpassingar og strategiske vurderingar frå einskildkommunar som i sum kan slå uheldig ut etter gjennomføringa av reforma.
2. Dei tiltaka som måtte verta sette inn frå statleg hald må tilpassast og balanserast på ein slik måte at overordna prinsipp som det kommunale sjølvstyret ikkje vert sett på for store prøver.
3. Kommunestyret er innstilt på å følgja opp hovudinnretningane i gjeldande økonomiplan slik dei ligg føre.
4. Kommunestyret føreset at det ved utøving av statleg skjønn vert lagt avgjerande vekt på rammene i sist vedtekne økonomiplan.

./ Me legg til informasjon ved kopi av kommunestyret si møtebok for sak 24.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Audun Høvland
seniorrådgjevar

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 14/334 -
Arkivkode: 100

Sakshandsamar: Audun Hovland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utdal	Møtedato
PS 40/14	FORMANNSKAPET	04.06.2014
PS /	KOMMUNESTYRET	17.06.2014

LOV OM GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I FORKANT AV KOMMUNEREFORMEN - HØYRING

Vedlegg: 1. Skriv frå kommunal- og moderniseringsdepartementet 14.05.14

SAKSUTGREIING:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oversende ved e-post ekspedisjon 14. mai i år blant anna vedlagde høyringsnotat.

I oversendingsskrivet om lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar for iverksetjing av kommunereforma, informerer dei i korte trekk om at departementet har utarbeidd eit framlegg til lovendring som styrker den statlege kontrollen med økonomien i kommunane før den planlagde kommunereforma. Lovframlegget går i korte trekk ut på at kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015 – 2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen.

Bakgrunnen for lovframlegget er den føreståande kommunereforma. Føremålet med framlegget er å sikra at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma

Høyringsfristen på dette lovframlegget er sett til 25. juni 2014.

Framlegget til lovendring i kommunelova er føresett å gjelda for åra 2015, 2016 og 2017. Og «Departementet tek sikte på at lovendringa skal gjelde for vedtak om budsjettet for 2015 som blir gjort etter dagen då høyringsnotatet blei sendt ut.» I klartekst tyder dette at framlegget omfattar kommunale budsjettvedtak som vert gjorde f.o.m. 15. mai i år.

Gjennom ei slik mellombels lovjustering vert det kommunale sjølvstyret svekka på dei her nemnde områda. For kommunar som Tysnes som aldri har vore i ROBEK, vil ei slik styrking av den statlege økonomiske kontrollen kunna følast urettvis. For åra 2015, 2016 og 2017 vert på sett og vis alle kommunar sett under statleg administrasjon a la ROBEK – kommunar.

Gjeldande økonomiplan 2014 2017 legg ein del føringar.

Kommunelova § 44 nr 1 og 2 seier noko om at kommunestyret ein gong i året skal vedta ein rullerande økonomiplan som omfattar minst dei fire neste budsjettåra. Nr 3 i § 44 har reglar om at økonomiplanen skal femna heile den kommunale verksemda og han skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. – Første året i ein økonomiplan er identisk med årsbudsjettet til vedkomande kommune. Og kommunelova § 46 nr 1 seier mellom anna at årsbudsjettet er ein bindande plan for «kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret.»

Går me så attende til § 44 i lova ser me at denne paragrafen pålegg kommunane å vedta ein minst fireårig plan for økonomiforvaltinga – ja, me kan kalla det eit obligatorisk langtidsbudsjett. – Slik den «nye» kommunelova vart vedteken i 1992 var økonomiplanen meint som eit overordna planleggingsinstrument med bindande verknad i forhold til dei enkelte budsjettdisposisjonane. Dette vart likevel endra ved lov 07.07.2000 nr 71. Grunngevinga for denne endringa speglar klart at ambisjonen om å gjera økonomiplanen til det primære styringsinstrumentet vart oppgjeven. I Ot.prp. nr 43 1999 – 2000 vart det likevel presisert at det framleis vart oppfatta «som vesentlig for den kommunaløkonomiske styring at planen gir uttrykk for valg som virker forpliktende på kommuneorganisasjonen». Men kravet som ein gong var om fortløpande oppdatering av økonomiplanen i takt med seinare endringar i årsbudsjettet, vart oppgjeve som «uttrykk for et unødigg formalistisk syn på økonomiplanleggingen». Når det nye årsbudsjettet skal vedtakast, må det likevel følgja av god og forsvarleg sakshandsaming å oppdatere økonomiplanen i samsvar med dette.

Sjølv om økonomiplanen formelt sett kun er bindande det første året - og då berre så lenge det ikkje er gjort vedtaksendringar i dette budsjettåret, vil likevel planen følask forpliktande for kommunestyret og resten av kommuneorganisasjonen. Målsettingane og ambisjonane som er nedfelte i gjeldande plan for Tysnes kommune bør vanskeleg kunna svekkast gjennom ein strengare statleg økonomisk kontroll. Me har her også med oss at planvedtaket vart gjort i desember 2013 ganske nøyaktig 5 månader før prop. 95 S(2013 2014)Kommuneproposisjonen 2015 vart «sett ut i livet». Rådmannen kan heller ikkje sjå at Tysnes kommunestyre gjennom gjeldande økonomiplan har føreteke strategiske tilpassingar som kan svekka planen opp mot den komande kommunereforma.

Historia har vist at lovframlegget kan ha sin «berettigelse» – «av skade blir man klok», osv – sjå nærare under punkt 3 i «Departementets vurderingar». Departementet prøver gjennom denne mellombelse åtgjerda å rydda plass for framtidsretta kommunesamanslåingar som ikkje skal verta hindra av strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Me kan sjå det uheldige i at for eksempel handlingsfridomen vert sterkt hemma i ein ny storkommune som følgje av ulike disposisjonar frå ein eller fleire av dei involverte kommunane i forkant av ei slik samanslåing.

Det vil som det går fram også vera fine balansar å ta omsyn til mellom det kommunale sjølvstyret og det statlege behovet for kontroll.

For Tysnes kommune er det dei formelle låneopptaka i budsjetta for 2015, 2016 og 2017 som vil ha størst relevans. Langsiktige leigeavtalar vil under elles like forhold vera mindre aktuelle i ein kommune som vår.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommunestyre finn, med tilvising til vedlagde høyringsutkast frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 14.05.14 og ovanstående premisser, å gje følgjande høyringsuttale i høve mellombels skjerpa statleg kontroll for kommunale låneopptak m.m. i forkant av den føreståande kommunereforma:

1. Kommunestyret kan sjå at det ved slike store reformer kan gjerast forsøk på tilpassingar og strategiske vurderingar frå einskildkommunar som i sum kan slå uheldig ut etter gjennomføringa av reforma.
2. Dei tiltaka som måtte verta sette inn frå statleg hald må tilpassast og balanserast på ein slik måte at overordna prinsipp som det kommunale sjølvstyret ikkje vert sett på for store prøver.
3. Kommunestyret er innstilt på å følgja opp hovudinnretningane i gjeldande økonomiplan slik dei ligg føre.
4. Kommunestyret føreset at det ved utøving av statleg skjønn vert lagt avgjerande vekt på rammene i sist vedtekne økonomiplan.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 04.06.2014:

I samsvar med innstilling.